AODNAGAVLEN

Høgdemeter over havet: omlag 240 moh
Lengde: Frå Jaunsen 1,7 km, Frå Eide 2,6 km
Tid: 1-1,5 time ein veg.
Gradering: Middels tung

Vegskildring: **Turalternativ 1 går frå sentrum**: Parker ved Coop. Kryss vegen og gå til Jaunsen. Føl så skilt mot Øykjaskor og Aodnagavlen mot Skyttergravene og Flatneset. Herifrå skal du fylgje raudmerka sti heile vegen bratt opp i skogen. Du kjem fyrst til Øykjaskor der vi har hengt opp ei turkasse. Du går vidare ned til krysset Sjurskår som syner veg til Aodnagavlen via Gråskår, eller Geilane. Det er ditt val kva for ein sti du vil følgje, og begge stiane er rydda og merka. Stiane buktar seg oppover i ulendt og særs bratt terreng. Stien frå Geilane til Aodnagavlen går rett oppunder berget og svingar noko mot venstre, før du igjen kjem til eit vegskilje og du skal ta mot høgre. Vegen rett fram går via Gråskår. No vert det endå brattare eit lite stykke før du kjem innpå stien i skogen. Det er fint å gå i fureskogen og stien går både bortover og nedover før du til slutt kjem til den siste vetle bakken du skal opp. No er du på oppå flatene, og her er det fantastisk flott utsikt å sjå ut fjorden. Det har vorte hogd mange grantrær som gjer stien noko tett. No kan du fylgje raudmerka sti heile vegen bratt opp i skogen. Ved enden av det flate partiet er det berre nokre meter att før du kan sjå turlagsbenken og turkassa som heng på eit grantre. Her kan du kvile før nedturen.

Turalternativ 2.Alternativ tur eller retur kan vera om Stuvanes. Køyr mot skytebana og parker nede ved hovudvegen der vegen opp til Nestås går. Herifrå går du eit lite stykke på veg til du kjem opp til ein tydeleg traktorveg på høgre side. Her står det Stuvanes på skilt. Føl traktorvegen oppover til den går over på merka sti inn i skogen. Du kjem vidare til eit par krappe svingar først venstre så høgre, og no flatar stien noko ut. Etter denne flaten vert stien endå brattare heilt til du er oppe på toppen av Aodnagavlen ,og du ser den flotte utsikta. Denne turen tar ein liten time å gå, men er den enklaste ruta opp til toppen.

Turtips. Du kan og velja å gå heile runden opp via Gjelane, eller Gråskår, og ned Stuvanes, eller motsett slik at du går alle vegane. Opp ein veg og ned ein annan.

GOD TUR! Granvin Turlag